

Ifølgje liste

Dykker ref

Vår ref

Dato

19/91-

11. juni 2019

## NTP 2022-2033 Invitasjon til møte om utfordringar

Eg takkar for aktiv medverknad på det fyrste møtet i den politiske kontaktgruppa 8.mars, der vi diskuterte arbeidet som ligg føre oss med ny Nasjonal transportplan 2022-2033. På møtet viste eg mellom anna til invitasjonen om å spele inn utfordringar på transportområdet framover, der fristen er satt til 10. mai. Vi varsla også at vi ville invitere til regionvise møte med fylkeskommunane, storbyane og Sametinget der vi ønskjer å diskutere desse utfordringane nærrare.

Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar og Stavanger og Bergen kommunar blir inviterte med dette til møte 24. juni kl. 14:00-17:00. Møtet finner stad på Scandic Flesland Airport, Lønningsveien 9. Hotellet ligg i kort avstand frå flyplassen. Fylkeskommunane og Stavanger og Bergen kommunar blir inviterte til å stille med inntil tre representantar frå politisk nivå. I tillegg er det høve til å delta med inntil to personar frå administrasjonen som støtte.

Formålet med møtet er å få presentert og drøfta dei viktigaste utfordringane når transportsystemet i regionane skal utviklast framover. Eg vil ta utgangspunkt i innspela som hadde frist 10.mai, og ønskjer å diskutere kva for utfordringar som er dei mest sentrale når ny NTP skal utarbeidast.

Møtet blir lagt opp med ein introduksjon og innleiing. Deretter ønskjer eg å ha ein direkte dialog med fylkeskommunane i dei nye regionane. Alle er velkomne til å være til stades i heile møtet.

1. Innleiing og overordna problemstillingar v/statsråden.
2. Dialog med Rogaland fylkeskommune (45 min)

- a. Presentasjon av hovudutfordringane
  - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon
3. Dialog med fylkeskommunane i Vestland (1 time)
    - a. Presentasjon av hovudutfordringane
    - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon
  4. Dialog med Stavanger kommune (30 min)
    - a. Presentasjon av hovudutfordringane
    - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon
  5. Dialog med Bergen kommune (30 min)
    - a. Presentasjon av hovudutfordringane
    - b. Spørsmål, kommentarar og diskusjon

Utfordringsmøta danner grunnlag for den vidare NTP-prosessen. Vi inviterte fylkeskommunar og storbyar til å spele inn kva ein ser som dei største utfordringane i dag og i framtida, jf. brev av 18. februar 2019. Vi bad vidare fylkeskommunane og storbyane om å vurdere kva rolle innføring og utvikling av ny teknologi kan spele. For den vidare NTP-prosessen vil det vere til stor hjelp med klare og tydelege innspel på desse spørsmåla.

For å lukkast i transportpolitikken er vi avhengige av ein best mogeleg dialog og godt samarbeid mellom forvaltningsnivåa. I denne NTP-prosessen har eg ønskt ei tidleg involvering av regionalt nivå og prosessen er lagd opp i fasar. I denne første fasen diskuterer vi hovudutfordringane til regionane, som skal gi grunnlaget for neste runde med innspel knytte til prioriteringar. Vinteren/våren i 2020 planlegg eg ein ny møteserie med fylkeskommunane og storbyane om prioriteringar. Formålet er å gjere NTP-prosessen og dialogen mellom forvaltningsnivåa målretta og fruktbar for alle partar.

#### Format for møtet

Eg vil leggje til rette for ein god politisk dialog om utfordringar for transportsystemet. Ut over politikarane vil det vere tilstades representantar frå administrasjonen i SD, etatane og verksemndene, KS, i tillegg til administrasjon frå fylkeskommunane og kommunane. Eg vil sjølv leie møtet, saman med statssekretær Allan Ellingsen.

Det blir enkel servering. Eg ber om påmelding innan 19. juni til: [kontorstotte@sd.dep.no](mailto:kontorstotte@sd.dep.no)  
Dersom det er spørsmål kan de kontakte Paal Iversen 411 62 861/22 24 81 74

Med helsing

Jon Georg Dale

Adresseliste

Bergen kommune

Hordaland fylkeskommune

Rogaland fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Stavanger kommune